



## Naustdal-Gjengedal verneområdestyre

**Postadresse**  
Naustdal-Gjengedal  
verneområdestyre  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

**Besøksadresse**  
Sandane Næringshage  
Sandane Senter, 3. etasje  
6823 Sandane

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 57 64 30 00  
Direkte: +47 5764 3138  
sfvlpost@statsforvalteren.no  
fmvlpost@fylkesmannen.no  
www.nasjonalparkstyre.no/Naustdal-  
Gjengedal

## Rådgevande utval for Naustdal-Gjengedal LVO

Sakshandsamar Alf Erik Røyrvik

Vår ref. 2019/19446-0 432.2

Dykkar ref.

Dato 05.10.2023

# Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde - Referat etter møte i Rådgevande utval 05.10.23

Torsdag 5.okotber 2023 kl 14.30-16.30 på Skei hotell.

### Desse møtte:

Erlend Aunevik - Nordfjord Folkehøgskule  
Jan Ove Kornberg - grunneigar Gloppen/Sørstranda  
Kjell Arne Hjellbrekke - Indre Sunnfjord turlag  
Øyvind Hegrenes - grunneigar Sunnfjord/Angedalen  
Erik Solheim - Norges Naturvernforbund  
Anne Marie Mjellem - grunneigar Gloppen/Hyen  
Ket Fossen - FNF Sogn og Fjordane (gjest)  
Gudmund Eimhjellen - grunneigar Sunnfjord/Naustedalen  
Katrine Fjellestad Aske - Midtre Nordfjord turlag  
Karoline Bjerkeset - verneområdestyret (møteleiar)  
Alf Erik Røyrvik - verneområdeforvaltar (referent)

### Saker:

#### 1. Velkommen og opning

Karoline opna møtet og ønskte velkommen.  
Vi hadde ei kort presentasjonsrunde der alle som møtte presenterte seg sjølv og kven dei representerte i utvalet.

#### 2. Orientering om saker og forvaltning

Alf Erik orienterte om forvaltning og saker til no i 2023.  
Sjå vedlagte presentasjon for detaljar.  
Spørsmål til sakene som vart svara ut fortløpande.



### **3. Kommuneval og ny oppnemning av verneområdestyre**

Alf Erik orienterte om prosessen med oppnemning av nytt verneområdestyre etter kommune- og fylkestingsvalet.

### **4. Revidering av forvaltningsplan - status på arbeidet**

Alf Erik orienterte om behovet for revidering av forvaltningsplanen, status på arbeidet og kva som vi skje vidare framover.

Det vert arrangert to opne folkemøte om forvaltningsplan, eit i Sunnfjord 28.november og eit i Gloppen 4.desember. Meir informasjon og formell invitasjon vil verte annonsert seinare i haust. Men ein kan allereie no merke seg datoane.

Innspel:

- Det vart ytra ønske om enklare søknadsrutiner og fleksible reglar kring bruk av drone.

### **5. Orientering om tiltak i 2023**

Alf Erik orienterte om bruken av tiltaksmidlar og dei tiltaka som har blitt jobba med (og blir jobba med) i 2023.

Sjå vedlagt presentasjon for detaljar.

### **6. Aktuelle tiltak i 2024**

Alf Erik informerte om prosessen for verneområdestyret sitt søknad om tiltaksmidlar for 2024 og kva tiltak som er aktuelle for å få midlar.

Det er viktig å presisere at dette ikkje er tilskotsmidlar og at dei skal brukast til investeringar og ikkje til drift. Grunneigarar, organisasjonar og andre kan ikkje søke på desse midlane, men ein kan kome med innspel til kva verneområdestyret bør prioritere i sin søknad.

Når ein kjem emd slike innspel bør dei vere so godt førebudde og planlagt som mogeleg. Jo betre førebudde dei er, jo enklare er det å få midlar.

Fristen for å komme med innspel er 15.november. Innspela sendast til verneområdeforvaltar.



## 7. Innspel frå utvalet

Informasjon og innspel som kom frå utvalet i møtet:

- Grunneigarane på Gimmedstad har planer om å restaurere ei gammal jaktbu. Dei er i dialog med kommunen om det formelle rundt det. Det er ikkje snakk om å endre storleik eller fasong, men det er behov for restaurering.
- Grunneigarane i Naustedalen er nøgde med handsaminga av motorferdselsaker. Det er rask og "knirkefri" sakshandsaming når det er behov for det. Grunneigarane meiner at motorferdsel i utmark skal avgrensast til det som er nyttekøyring. Forvaltninga melder om at det er sær s god kultur rundt motorferdsel i Naustdal-Gjengedal. Aktørane er flinke til å søke og til å forhandle seg til løyve og vilkår. Vi har ikkje oppdaga ulovleg motorferdsel av nemneverdig omfang i området. Det vart ytra ønske om å få gjennomføre nyttekøyring med snøskuter litt lenger utover våren enn i dag, altså noko etter 1.april, av omsyn til føre og snøtilhøva.
- Informasjonsskilt og anna informasjonsmateriell bør ha QR-kode som leiar til dei besøksretta nettsidene til Naustdal-Gjengedal.
- Det vart stilt spørsmål rundt verneområdeforvaltninga si rolle når det gjeld fiskeressursane og eventuell kultivering. Fiskeretten ligg hos grunneigar uavhengig av om området er verna eller ikkje. Forvaltninga kan derfor ikkje investere sine tiltaksmidlar i ein ressurs som grunneigarane eig og vil ha alle inntektene ut av. Men forvaltninga ser positivt på kultivering og utvikling av fiskeressursane, og vil bidra med å skape gode og føreseielege rammevilkår.
- Det vart stilt spørsmål om tilstanden på villreinstamma som held til i Naustdal-Gjengedal. Verneområdeforvaltar, som og er sekretær for Villreinnemnda for Sogn og Fjordane, orienterte om tilstanden på stamma og utviklingstrekk siste åra.
- Det vart spelt inn at skuterspor på snø er til god nytte for folk som går på skitur innover i området.
- Midtre Nordfjord turlag har planer om å bygge DNT-hytte i Gjengedalen. Grunneigarane er positive og turlaget vil no gå i dialog med kommunen med tanke på byggeprosessen vidare. Hytta vil ligge nær vegen som går inn til Gjengedalsstøylen og skal verte tilpassa rullestolbrukarar og andre med nedsett funksjonsevne.



- Forvaltninga bør kartlegge kor mange som brukar verneområdet. Dette er statistikk som vart samla inn i samband med Besøksstrategien som vart vedteken for nokre år sidan. I samband med revidering av forvaltningsplan vil det vere naturleg å oppdatere denne statistikken.
- Det vert meldt om låge småviltbestandar i området. Det vart stilt spørsmål om verneområdeforvaltninga si rolle her. Dette vil vere det same som for fiskeforvaltninga. Det er grunneigarane som har jaktretten. Verneområdeforvaltninga er positive til kunnskapsinnhenting og vil kunne bidra noko her, men sidan grunneigarane har inntektsmoglegheitene er det nok og dei som må finansiere småviltforvaltninga. Enten med eigne midlar eller frå andre kjelder.
- Private vegar / Bomvegar er viktige for tilkomsten til verneområdet. Særleg er dei vegane som vert halde opne gjennom vinteren på Sørstranda viktige for bruken av populære turmål på ski. Godt samarbeid med grunneigarar/vegeigarar er viktig, og det bør vere oppdatert informasjon om parkeringsplassar og opne vegar. Brøyting og anna drift vert finansiert mellom anna gjennom bompengar. Prisvekst i samfunnet vil og måtte syne att i bomvegsatsane om drifta skal vere berekraftig. Nye metodar for innkreving av bompengar har mange stader ført til inntektsauke.
- Forvaltninga må vere medvitne på kor ein legg til rette med stitilrettelegging og kor omfattande ein gjer det. Det kan ikkje vere eit mål å auke ferdsel over alt i verna natur. Forvaltninga vurderer dette i kvart enkelt tilfelle, men og gjennom strategiske dokument som besøksstrategi og forvaltningsplan. Vi har til no hatt ein politikk der vi har lagt tilretteleggingstiltak til sentrumsnære område, kulturlandskap og støyleområde. I tillegg har vi nettverket med T-merka stiar kor vi har fokus på merking, men ikkje nødvendigvis so mykje fysisk utbetring av stiar. I høgfjellet og særleg dei mest alpine område aust i verneområdet har vi til no hatt minimalt med tiltak.

## 8. Eventuelt

Ingen saker.

Med helsing

Alf Erik Røyrvik  
verneområdeforvaltar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*